



Lindås VVS Nils Træland AS
Postboks 42
5951 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5174 - 15/19061

Saksbehandlar:
Kari Elisabeth Io
KEI@lindas.kommune.no

Dato:
11.05.2015

Svar på søknad om tilkopling til kommunalt vassverk for eksisterande fritidsbustad - gbnr 89/29 Haugsmyra (Trælandsvegen 276).

Delegert sak.

Vi viser til søknad om tilkopling til kommunalt vassverk m/vedlagt situasjonsplan, motteke 11.06.2014.

Byggesak har gjeve utsleppsløyve til minireinseanlegg, 24.03.2015.

Søknaden vert godkjent på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonntent sitt ansvar å sørge for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og lavaste sluk i hus.

For vassledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.

Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassledning, må det gjerast kompensierende tiltak.

Det skal sendast inn ferdigmelding til kommunen når arbeidet er utført (skjema vedlagt).



Faktura for tilknytingsgebyr følger vedlagt til eigar, og vi gjer merksam på at arbeidet ikkje må igangsetjast før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

Med helsing

Kari Elisabeth Iø
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jan B.Methlie Herland

Granlien 48

5105

EIDSVÅG I ÅSANE

Mottakar:

Lindås VVS Nils Træland AS

